




Henjum opphavsgard



Gardstunet Henjum er ein av dei fem eldste gardane på Leikanger med ei interessant kulturhistorie tilbake til førhistorisk tid. Namnet Henjum (norrønt: Heinvinjar) er sett saman av hein (bryne) og vin som tyder beitemark. Henjum hadde si eiga kyrkje i mellomalderen. På denne tida var garden av dei viktigaste på vestlandet. Framleis er den gamle klyngetunstrukturen med røter i mellomalderen, godt synleg. Eldre kart syner at det har vore over 100 store og små hus i klyngetunet i tidlegare tider. I Henjagrenda blei fruktdyrking vanleg rundt år 1900. I dag har tunet til saman 30 bygningar som høyrer til seks ulike bruk. I ein av dei finn vi gardsrestauranten ”Henjatunet, Eggjagarden”, med lokal tradisjonsmat som spesialitet. Klyngetunet er omkransa av gravhaugar frå eldre og yngre jernalder. Det største bevarte gravfeltet i Leikanger, Henjahaugane, ligg høgt og fritt ovanfor Henjatunet med vidt utsyn over Sognefjorden. I fjellområda til Henjagardane, i Friksdal, finn vi eitt av landets største tufteanlegg (spor av tomter etter stølsbygningar) frå jernalderen.



Gravhaugar | Grave mounds



HENJUM – ANCIENT FARM

As one of the five original farms in Leikanger, the cluster hamlet at Henjum has an interesting cultural history dating back to prehistoric times. The name, Henjum, (originally Heinvinjar) consists of the term hein, which means whetstone and the term vin, meaning pasture. Henjum had its own church in medieval times. Even today, the ancient cluster hamlet structure from medieval times can easily be perceived. Older maps reveal that in earlier times, the hamlet comprised more than 100 buildings. The Friksdal valley, a part of the mountainous areas belonging to the farms, boast one of the largest toft areas in Norway, with remnants of summer farm plots from the Iron Age. In the Henjum hamlet, fruit cultivation was common from around 1900. Today, there are about 30 buildings in the hamlet, belonging to six different farms. One of these six farms includes a farm restaurant called Henjatunet, which specializes in locally produced, tradition-based food. The cluster hamlet is surrounded by grave mounds from the early to late Iron Age. The most well-preserved grave field in Leikanger, Henjahaugane, is beautifully situated on a hill above the Henjatunet hamlet, overlooking the fjord.



Systrond sogelag



Leikanger kommune

Andre språk - meir informasjon / Other languages - more information: www.systrondsogelag.no • www.leikanger.kommune.no • www.opplevleikanger.no

Informasjonstavla er laga i eit samarbeid mellom Systrond Sogelag og Opplev Leikanger med støtte frå Leikanger kommune, Sparebankstiftinga og Gjensidigestiftinga. • Layout: IHP as - Leikanger